

TURPROGRAM 2019



Fyresdal Turlag
Aust-Agder Turistforening





Skitur til Granbustøylen frå Birte

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. april	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 8	Grethe Lassemo	977 88 988

Vi fylgjer den merka skiløypa frå Birte, opp bakkane og inn til AAT si turisthytte på Granbustøylen. Flotte bakkar å renne ned att.

Skitur på Jåmsfjell, 936 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. april	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 8	Grethe Lassemo	977 88 988

Køyrrer til Birtedalen og parkerar på parkeingsplassen ved Fisketjønn. Fylgjer den merka og oppkøyrrte løypa nokre km før vi går opp Fisketjønnskaret til Bergstادتjønn. Herifrå og opp til toppen er det jamn stigning. Flotte bakkar å renne ned att dersom skiføret er godt!

Skitur på Øysteinsfjell, 1 179 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
22. april	Fjellgardane, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	6 / 12	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrrer inn til Skålid i Fjellgardane. Går ein km før stigninga mot toppen tek til. Det er jamn stigning mot dette snaue og flotte fjellet, med enorm utsikt alle vegar. Eit eventyr å renne alle bakkane ned att. Kaffipause med bål undervegs. Ein fin dagstur på ski.

Skitur i løypene på Våmur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
23. april	Våmur, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Går opp frå hyttefeltet på Våmur langs FV 355. Fylgjer dei fine oppkøyrrte løypene innover så langt vi har lyst, kanskje til den Grøne Nuten?

Fottur på Dåstjønnfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
30. april	Kilegrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 5	Helge Kiland	916 32 615

Parkerar mellom Drang og Dåstjønn langs FV 355 og går herifrå opp på flotte svafjell. Flott utsikt nordover og på toppen ser vi mot utløpet av Drang og Hønetjønn. Turen er lett og grei for dei aller fleste.

Tjørull gåtur og/eller padletur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. mai	Tjønnefoss, Nissedal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	6 / 7	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi parkerer like innafor Tjørullkroa. Her er det fint både å padle eller gå langs Tjørull austover vassdraget. Felles pause langs vatnet. Flott for alle turglade då traseen er heilt flat utover.

Hamaren Aktivitetspark, dugnad

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7. mai	Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Start frå bankplassen. Dette er i samarbeid med Fyresdal Bygdekvinnelag og er eit lågterskel tilbod. Det blir mat av diverse slag og litt dugnad.

Topptur på Hardås ovom Grythegrend

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
14. mai	Hegglandsgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3	Ansgar Johre	482 66 950

Vi køyrer vegen mot Husstøyl og tek til vved Ljøkjebrua. Dette er ingen lang og strevsam tur, som etter ein times tid, endar ut på dette flotte fjellet.

Lifjell frå Skåltjønn til Bergland

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. mai	Kleivgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	6 / 7	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi køyrer ein halvtime frå sentrum og parkerer før Skåltjønn. Følgjer fin stig til Djupetjønn før vi går opp på Lifjell. Vidare går vi langs dette flotte fjellet heilt fram til ein gamal varde som ligg heilt yst på kanten mot Bergland. Følgjer bratt stig ned forbi ein gruvegang. Flott kulturlandskap i den varmekjære lia ned mot Bergland. Kanskje tek vi turen om Åhammar før vi går ned til Kleivi.

Topptur på Nape, 889 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
21. mai	Momrak/Nape Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer inn til den gamle garden Nape Vestre og går mot toppen herifrå. Jamn stigning heilt opp. Bok å skrive i på toppen.

Topptur på Bindalsfjell, 929 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
28. mai	Kilegrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer til Kilegrend og opp bomvegen til Bindalen. Vi følger den merka stigen frå toppen av bakkane og ned att inn til enden av veggen ved Nussli. Bok å skrive i. (Husk bompengar!)

Vandretur frå Røyningdalen til Valevatn

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
30. mai	Hauggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	6 / 12	Sigmund Nærum	906 17 033

Ein fin vandretur opp langs gamle stigar til Valevassberga, ned forbi øvre Valevatn til midtre Valevatn. Her ser vi så vidt att tuftene etter nokre støylar som Frøysnestøylen. Felles mat på Roan Kroa etter turen.

Vandretur frå Foldsæ, Solbergnuten og Namneberget

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
4. juni	Hauggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 6	Sigmund Nærum	906 17 033

Ein fin rundtur frå gamle Foldsæ Landbrukskule opp forbi Tveiten og etter kvart heilt opp på Solbergnuten. Fylgjer stig og traktorveg ned att til Namneberget. Her finn vi gamle inskripsjonar i fjellet. Vandrar i kulturlandskapet ned til Plassane og tilbake til Foldsæ.

Helgetur frå Torsdalsdammen til Nystøyl, Nutevasshytta og til Kvipt

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7.-9. juni	Fyresdal Vesthei	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi har i forkant organisera med transport av bilar. Går frå Torsdalsdammen og inn til Nystøyl på fredag kveld. Laurdag går vi sørover på dei flotte Tjønndalsristene som er på vel 1000 m og vidare til Nutevasshytta. Dette er ei fin dagsetappe på omlag 10-12 km. På sundag 1. pinsedag går vi vidare til Kvipt via Kvipteskar med middag på Kvipt Gjestegard etterpå. Mat og overnatting på hyttene betalar kvar enkelt, i tillegg til transport kr. 250,- pr pers. Minimum 5 pers, ellers ingen tur. Påmelding til turleiar seinast 4. juni.

Kleivane til Stemtjønn og Nystøyl

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
11. juni	Borggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	5 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi køyrer inn i Borggrend og parkerar før Kleivane. Går opp bratte bakkar til Stemtjønn og forbi tuftene på Brokko. Vidare oppover til ein er oppe på heia. Fin open stig til Nystøyl. Mogeleg å fiske i Hyljevattn som er eit godt fiskevatn. Tilbake same veggen. Nokså lang tur med mykje stigning.



Topptur på Roan, 1191 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
18. juni	Hauggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 10	Sigmund Nærum	906 17 033

Topptur til Roan på denne tida er vanlegvis ei stor oppleving dersom greplyngen blomstrar. Dette er midt i denne fine tida. Går den merka stigen frå Røyningdalen. Ned att same veg.

Topptur på Grasstøylfjell, 970 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
25. juni	Sitje/Napeheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	5 / 9	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyser inn vegen mot Austre Nape og går inn traktorvegen til Stemtjønn. Jamn stigning mot toppen langs flotte høgde-
drag. Tilbake via Vardalen slik at vi får ein fin rundtur.

Igletjønnuten, 949 moh og inn til Flågjæva

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. juli	Momraksheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 16.00	5 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Parkerar ved Basthommen og går den bratte flotte stigen opp på Igletjønnuten, vidare austover høgdedraga til hytta på Flågjæva. Det er både lett og fint å gå her. Det blir servera mat og kaffi på hytta. Fyresdal Bygdekvinnelag er spesielt invitert. Tilbake går vi ein kort tur ned att sørover der vi har sett att nokre bilar.

Topptur på Øysteinsfjell, 1179 moh med sykkel frå Slystøyl

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. juli	Fjellgardane, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	5 / 20	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi kører om lag 25 km frå sentrum til enden av vegen i Fjellgardane. Parkerar nedanfor Slystøyl og sykklar herifrå 8-9 km motbakk til toppen av bakkane. Går bratt rett opp til toppen av Øysteinsfjell. Ned att same veg og ein rask sykkelturn tilbake til bilane.

Vandretur til Dyrvatn med kontainerar

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
16. juli	Austre Napeheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Kører langs Napevatn og opp til Grytevatn til enden av vegen. Følgjer stig opp bakkane og går bortover fine svaberg til Dyrvasshytta. Like ovanfor hytta ser ein mange kontainerar etter flyslepp under 2. verdenskrig. Vi vil og sjå att plassen der turlaget fant håndgranater for nokre år sidan.

Topptur på Kviptefjell, 903 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
23. juli	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6	Sigmund Nærum	906 17 033

Parkerar like før Kvipt Gjestegard og går ein fin rundtur herifrå. Bratt stigning før ein er oppe på toppane. Fantastisk utsikt herifrå og lett å gå bortovertil varden med kasse med bok i. Bratt ned til botnen av Kvipteskar. Moglegheit for eit bad i Blakstjønn før vi går ned til Kvipt. Etterpå samling på Kvipt Gjestegard der vi får servera rjomegraut og spekemat. Gild avslutning på ein fin tur.

Vandretur i Saurvassheia på Kilandsheia

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
30. juli	Kilandsheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 5	Ketil O. Kiland	970 78 500

Køyrer inn på Kilandsheia i Kilegrend. Parkerar mellom Saurvatn og Krokvatn og går opp til dei Grunne Tjønnane. Her er det eit oppe og flott terreng. Kanskje går vi opp på Mjølkkoppen?

Vandretur frå Tjovheia, Lometjønn til Ufstjønn

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
6. august	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 5	Grethe Lassemo	977 88 988

Parkerar i Tjovhola på Birtedalsvegen. Går opp til den vesle Lometjønna og vidare over til Ufstjønn. Nedover langs vassdraget og stigen ut langs Brutjønn. Kan bli endring i turen ved for stor vassføring.

Vandretur frå Nøs til Brokkestøyl, Krokstøyl og Røynebrokke

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
13. august	Kleivgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 6	Inge Homme	917 40 330

Køyrer inn Kleivgrendsvegen og parkerar ved Nøs. Fylgjer same stigen som starten på Bispevegen 2-3 km før vi snur sør- over i det verna terrenget. Her finn vi fleire tufter etter uteløer, støylar og mange kjempestore furu. Denne turen er ei stor oppleving og lett å gå. Kanskje tek vi turen om turisthytta på Hovstøyl?

Bronberga og Jyddhomsfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
20. august	Kilegrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6	Helge Kiland	916 32 615

Parkerar ved Ångås i Kilegrend. Går bratt opp desse flotte svaberga med flott utsikt heile vegen oppover, vidare går vi heilt fram på Jyddhomsfjell 670 moh. Vi går tilbake litt lengre nord også her på svaberg med krokete furu. Tilbake til samme plassen.

Topptur på Tjønnefjell, 1065 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
27. august	Åslandsheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 10	Sven Lie	472 67 200

Køyrer opp vegen til Åslandsgrend til parkering ved enden av vegen. Fylgjer både opp og ned den bratte stigen med ein fin rundtur ved Tjønnekvævtjønnna. Toppen er over 1000 m høg så vi er på snau fjellet.

Topptur på Jåmsfjell, 936 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. sept.	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6	Grethe Lassemo	977 88 988

Køyrer til Birte i Birtedalen. Fylgjer den merka stigen til toppen. Truleg mørknar det innan vi er nede att.

Topptur på Åbogsfjell, 854 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
10. sept.	Valbjørgsheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6,5	Anne S. Valebjørg	908 59 950

Køyrer bomvegen innover på Valebjørgsheia. Fylgjer den merka stigen til toppen i varierende terreng.

Topptur på Olov, 1005 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. sept.	Veumheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Køyrer inn Heivegen ovanfor Veum. Parkerar ved Hæghovden. Fylgjer bratt stig til toppen av dette langstrekte fjellet.

Dugnad og rydding av Øynevegen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
24. sept.	Fyresdal sentrum	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 2	Kari Hildur Lie	957 67 975

Fylgjer stigen frå Sitjebakkane, over Øyne og tilbake til Libakkane. Tak med reidskap til å rydde rønningar langs vegen.

Topptur på Øynuten, 522 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. okt.	Kilegrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer til Kilegrend og parkerar like før Øyne Camping. Den merka stigen er bratt og kort. Flott utsikt på toppen og bok å skrive i.

Topptur på Napen, 889 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
8. okt.	Momraksgrænd, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer inn til den gamle garden Nape Vestre og går mot toppen herifrå. Jamm stigning heilt opp. Bok å skrive i.

Topptur på Berrfjell, 1061 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
12. okt.	Fjellgardane, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	6 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Dagstur til Berrfjell. Køyrer opp til parkeringsplassen ved gardane på Hærstad. Fylgjer den merka stigen oppover. Mogeleg vi legg turen om ein menneskeskapt mur på vestsida av toppen.

Topptur på Høgenut, 864 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
15. okt.	Fyresdal sentrum	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3,5	Sigmund Nærum	906 17 033

Køyrer inn bomvegen ved Bjørnerud og tek til v. før Gausvatn. Dette er ein kort og bratt trasè til toppen frå baksida.

Topptur på Geitnetten, 776 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
22. okt.	Fyresdal sentrum	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4,5	Kari Hildur Lie	957 67 975

Køyrer opp Libakkane og parkerar anten ved Kjeldmyra eller på toppen av bilvegen. Fylgjer så den umerka tydelege stigen på framsida opp til toppen. Reknar med at vi lagar eit lite bål på heimturen.

Topptur på Hegglandsnetten, 697 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
29. okt.	Hegglandsgrænd, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Køyrer opp i Geitestabakkane, går opp bratt slæpe til toppen av bakkane og fylgjer veg og seinare bratt stig mot toppen. Vi fyrar i bålpanna i gapahuken på toppen. Flott utsyn over heile sentrum. Bok å skrive i.

Turkveld i Veslesalen på samfunnshuset

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. nov.	Fyresdal sentrum	Samfunnshuset, Fyresdal kl. 18.00	2 / 0	Ragnhild, Sven og Gunhild	

Ein sosial og triveleg kveld der vi mimrar over turane vi har hatt i år og planlegg nye turar for 2020. Servering av kaffi og kake.

Topptur på Geitnetten, 776 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
12. nov.	Fyresdal sentrum	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3,5	Kari Hildur Lie	957 67 975

Køyrer opp Libakkane og parkerar anten ved Kjeldmyra eller på toppen av bilvegen. Følgjer den umerka tydelege stigen på framsida opp til toppen. Reknar med at vi lagar eit lite bål på heimturen.

Topptur på Hegglandsnetten, 697 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
19. nov.	Hegglandsgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Køyrer opp i Geitestabakkane og går opp bratt slæpe til toppen av bakkane. Følgjer veg og seinare bratt stig mot toppen. Vi fyrar i bålpanna i gapahuken på toppen. Flott utsyn over heile sentrum. Bok å skrive i.

Vandring i Hamaren Aktivitetspark

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
26. nov.	Fyresdal sentrum	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Går frå sentrum og går ein rundtur. Fyrar i bålpanna på toppen dersom været er greit.

Vandring i Hamaren Aktivitetspark

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. des.	Fyresdal sentrum	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Kari Hildur Lie	957 67 975

Går frå sentrum og går ein rundtur. Fyrar i bålpanna på toppen dersom været er greit.

Vandring i Hamaren Aktivitetspark

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
10. des.	Fyresdal sentrum	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Går frå sentrum og går ein rundtur. Fyrar i grillhytta ved POS som avslutning på turåret.

Med atterhald om endringar i program.



Fyresdal Turlag
Aust-Agder Turistforening



Kontaktperson: Gunhild Momrak

Mobil: 957 91 511

E-post: gmomrak@gmail.com

Alle foto: Gunhild Momrak